



SAMARBEIDSråDET FOR SUNNHORDLAND  
IKS  
Postboks 444  
5403 STORD

Dato: 07.12.2017  
Vår ref.: 2017/17537-1  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til deltaking i nytt samarbeidsorgan for folkehelsearbeid i kommunane

Kommunesektoren ved KS og staten ved Helse- og omsorgsdepartementet har gått saman om å etablere Program for folkehelsearbeid i kommunane ([folkehelseprogrammet](#)). Dette programmet, som er ei tiåring satsing frå 2017 til 2027, skal bidra til å integrere psykisk helse som ein likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet. Barn og unge skal vere ei prioritert målgruppe. Det skal leggast vekt på å utvikle og spreie metodar og tiltak for å styrke barn og ungdom sine eigne ressursar, deltaking og aktivitet i lokalsamfunnet.

I programmet er ei tilskotsordning som fylker kan søkje opptak i (bli programfylke) - i samarbeid med kommunar og kunnskapsmiljø. Denne tilskotsordninga skal bidra til tilskotsutvikling i kommunane innan temaområda psykisk helse og livskvalitet og rusførebyggjande arbeid. Tiltak må forståast breitt og vere helsefremjande/primærforebyggjande. Tiltaksutviklinga skal skje på dei arenaer barn og unge naturlig oppheld seg: familie, nærmiljø, barnehage, skole osb. Målgruppa her er barn og unge 0 til 24 år.

Hordaland fylkeskommune arbeider med å utvikle ein søknad for opptak i programmet med frist for 2018 i månadsskiftet februar/mars. Alternativt søker vi opptak som programfylke på nytt i 2019. Tenkt tiltaksperiode om opptak vert i 5 år. Det er planlagt å søkje om 10 millionar kroner årleg til utviklingsarbeid i kommunane i Hordaland.

I samband med dette arbeidet skal det etablerast regionale samarbeidsorgan for arbeidet. I tråd med retningslinene frå nasjonale mynde skal samarbeidsorgana ha ei brei samansetting – både frå politisk nivå i fylkeskommunen, kommunar, høgskular/universitet/kompetansesentre og andre relevante aktørar. Samarbeidsorganet vil bli leia av Hordaland fylkeskommune, og skal vere eit rådgjevande organ for val av tiltak og tildeling av midlar til kommunale prosjekt. Samarbeidsorganet skal også halde seg orientert om prosjektutviklinga i tiltaksperioden. Samarbeidsorganet skal møtast 2-3 gonger årleg.

Sidan kommunane skal vere tiltakseigarar er det ønskjeleg med brei representasjon frå kommunane og med god geografisk/regional fordeling. Brei representasjon frå kommunane er også i tråd med innspel frå KS Hordaland. For å få representantar frå regionane vender vi oss til regionråda i Hordaland ved kontaktperson.

Vi inviterer med dette ein felles representant frå kommunane/samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS inn i samarbeidsorganet. Håper de kan sende oss tilbakemelding på e-post om dette er av interesse/ikke av

interesse snarast råd. Namn på medlemmar treng vi innan 15. januar 2018 til kontaktperson Else-Marie Aarø, Hordaland fylkeskommune tlf. 924 79 790, else-marie.aaro@hfk.no

*Vi planlegg første møte i samarbeidsorganet den 31. 01. 2018. Stad: Hordaland fylkeskommune kl. 09.30 til 12.30. Det vil bli sendt dagsorden og sakspapir til møtet.*

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål om programmet/arbeidet.  
Spørsmål kan også rettast til næringssjef Mette Nora Sætre.

Bård Sandal  
fylkesdirektør for regionalutviklingf

Mette Nora Sætre  
næringsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*